

## Årsmelding for Time historielag 2022

Time historielag er ein frivillig organisasjon med medlemmer som har interesse av å finna fram og ta vare på lokalhistorie tilknytta Time kommune.

Laget har ein avtale med Time kommune om det praktiske ansvaret for drifta av Time bygdemuseum. Museet er lokalisert i 2. og 3. etasje i Undheim samfunnshus.

### **Styret i 2022:**

Leiar: Tarald Oma

Nestleiar: Bjørn Bekkeheien

Kasserar: Ingvar Reime

Skrivar: Karen Time

Styremedlem: Eli Undheim

Varamedlemmer: Vidar Undheim, Marit Osland, Arna Aune

### **Valnemnd:**

Steinar Garborg, Dorteia Haugland og Jostein Stokka.

**Revisorar:** Helge Hinnaland og Omund Norheim.

**Boknemnda:** Tom Hetland (redaktør), Åsmund Norheim, Tarald Oma, Reidun Gudmestad og Anne Berit Hatlem. Reidun Gudmestad gjekk ut av nemnda då arbeidet med 2022-årboka var ferdig. Aud Søyland Kristensen kom inn i boknemnda f.o.m. arbeidet med 2023-årboka.

### **Styreaktivitet:**

- Styret har i meldingsåret hatt 9 styremøte, og handsama 93 saker.
- **Utsendingar:** Årsmøtet i Rogaland historielag i Egersund 26.03.22: Tarald Oma, Bjørn Bekkeheien, Karen Time, Eli Undheim, Marit Osland og Vidar Undheim.
- Rådsmøte i Rogaland historielag 25.10.22: Tarald Oma og Ingvar Reime.
- Styremedlemmer har hatt vakt på Time bygdemuseum dei sundagane det har vore middagsservering og andre opne arrangement på Undheim samfunnshus i 2022.
- Historielaget samarbeider med Garborgsenteret og Time kommune om å trekka bygdemuseet inn i grunnskuleundervisninga. Koronarestriksjonane våren 2022, og skulestreiken før og etter sommarferien, gjorde at det ikkje lukkast å få i gang dette i 2022. I slutten av 2022 fekk 10 av lærarane ved Undheim skule orientering og omvisning på museet v/ Tarald Oma og Vidar Undheim, dette vart gjort på initiativ frå Undheim skule og styret i historielaget.
- Styret samarbeidet med Time kommune v/ kultursjefen om å gjera bygdemuseet kjent for politikarane i kommunen. Arbeidet stoppa opp grunna koronarestriksjonane våren 2022, og det har ikkje vore muleg å organisera eit møte med politikarane seinare i 2022.
- Laget har fått laga fine T-skjorter med historielaget sin logo v/ Herborg Kverneland.
- Historielaget har saman med Leif Tafjord sett i gang eit filmprosjekt for å visa matproduksjonen (kornproduksjonen) på Jæren.

### **Møte og aktivitetar i historielaget i 2022:**

Møta vert haldne på Undheim samfunnshus.

Januarmøtet vart avlyst grunna koronarestriksjonar.

09.02: Årsmøte, foredrag v/ Torgrim Titlestad, og konsert og avduking av Andrias Garborg - medaljen v/ Jon Faukstad og Olaf G. Aasland.

22.03: Møte i Bryne kyrkje i samarbeid med Bryne kyrkjelyd, diplomat Morten Aasland og sokneprest Stein Ødegård heldt foredrag, tema «Mat til alle».

20.04: Møte med tema «Arne Garborg i ord og tonar», v/ Nora Taksdal og Marit Rommetveit.

19. - 23.05: Ein sær s vellukka busstur til Norsk folkemuseum, Bygdøy, der Lendestova vart gjenåpna 20. mai. 35 medlemmer deltok på bussturen. Ca 150 pers. deltok på åpninga, og både ordføraren og kultursjefen i Time kom. Arrangementet fekk god merksemd både i Stavanger aftenblad og Jærbladet, og vart dekket med mange foto på historielaget si facebook-side. Heile sommarbulletinen for Norsk folkemuseum handlar om Lendehuset og Jæren.

08.06: Sumartur med buss til indre deler av Hå kommune, Tarald Oma var guide.

11.06: Veterankøyretøydag på Undheim, Time historielag medarrangør saman med Lions og Gammelbilens venner.

18.06: Torvskjeringsdag på Myrabø hos Else og Vidar Undheim, i samarbeid med Time bygdekvinnelag.

17.08: Sumarvandring i området Storamos - Bergene - Raunefjell, guide Tarald Oma.

14.09: Haustmøte, foredrag v/ Ingve Lende om Arne Lende, og Åsmund Norheim presenterte boka si om den gamle lensmannsgarden på Norheim.

12.10: Foredrag v/ Kyrre Nese om Ole Molaug og roboteventyret på Bryne.

21.10: Haugtussakveld, i samarbeid med Time frivilligsenter, i deira lokale.

09.11: Møte med lansering av Årboka 2022, den 10. i rekka.

07.12: Julemøte med koret Dekor, og kåseri v/ prost Lars Sigurd Tjelle i Jæren prosti. Historielaget har vore medarrangør for kultur- og debattkveldar, møteserien «Snakk», på utestaden Mellombels på Bryne.

### **Medlemmer:**

Ved utgangen av 2022 hadde Time historielag 203 medlemmer.

Æresmedlemmer i laget er Torstein Tunheim, Signy Gro Sæland og Einar Sæland.

### **Økonomi:**

Økonomien i laget er stabil. Grunna koronasituasjonen vart det selt færre årbøker i vårhalvåret. Laget søkte og fekk statleg «koronakrisestøtte» også våren 2022.

Laget kjøpte våren 2022 inn rekneskapssystemet Visma som muleggjer samkøyring med medlemslista.

Historielaget har lagerbeholdning av tidlegare årbøker og laget sine T-skjorter.

Bryne, 26. januar 2023

Tarald Oma    Bjørn Bekkeheien    Ingvar Reime    Karen Time    Eli Undheim    Arna Aune

Vidar Undheim    Marit Osland